

PLAN FOR KYRKJEMUSIKK, JONDAL SOKN

1- INNLEIING

HOVUDMÅL

Saman vil vi ære Den Treeinige Gud

- ved å feire Guds nærver i ord og sakrament, med bøn og lovsong
- ved å fremje salmesong, liturgi og kyrkjemusikk i kyrkjelyden vår
- ved at kyrkjemusikken inviterer til refleksjon kring kristen tru, både ved å styrke og å utfordre
- ved at kyrkjemusikken i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar m.m. tilfører relasjonane mellom Gud og menneske ein kunstnarleg og estetisk dimensjon

(Tiltak merka med * har vi ikkje som faste tiltak i Jondal sokn. SR= sokneråd. KMU= Kyrkjemusikkutval. GU= Evt. gudstenesteutval. FR= fellesråd)

2- GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGAR

Alder	Mål	Tiltak	Tid/omfang	Ressursar	Ansvarleg
Alle	Feire Guds nærver i ord og sakrament, med bøn, takk og lovsong Søke Guds nærver i ord, skaparverk og vandring	Gudstenester Friluftsgudsteneste Pilegrimstur	Hovudgudstenester Andre gudstenester Tidebøner	Prest, kantor, staben elles, medliturgar, GU, evt. kor & musikarar Kyrkje/bedehus/ friluft/ andre forsamlingshus	SR, prest, kantor
Alle	Gje ei gudstenestleg ramme kring viktige hendingar i livet	Kyrkjelege handlingar	Vigsler Gravferder Andre tenester	Prest, kantor. Stab og musikarar elles- etter behov	SR, prest, kantor
Alle	Involvere kyrkjelyden i gudstenestearbeidet. Øve gudsteneste. Gjere kyrkjelyden kjend med liturgi og liturgisk musikk.	Gudsteneste- verkstad/ liturgikveldar	T.d. 1-2 x pr.år utanom trusopplærings- prosjekt	KMU, GU, prest, kantor, Kyrkja/ bedehus mv	SR, prest, kantor

3- KORVERKSEMD

Jfr. "Kunsten å vere kirke" s.218: "Kirken må i ord og handling vise at den verdsetter korvirksomhet som menighets- og kulturarbeid."

Generelt mål: Gjennom øvingar, gudstenester og konsertar skal kora i kyrkjelyden gje rom for ei opplevingsrelatert, skapande og interaktiv trusopplæring for born, unge og vaksne.

Alder	Mål	Tiltak	Tid/omfang	Ressursar	Ansvarleg
0-1 år 1-7 år*	Gje barnet og familien eit godt møte med kyrkjesongen- gje hjelp til gode ritual i heimen. Skape eit godt miljø for unge familiar i kyrkja	Babysong Familekorprosjekt	6-16 samlingar à 1t 2-4 samlingar à 1t	Kantor / evt. andre Kantor / evt. andre Kyrkja	Kantor / evt. andre
6-12 år	Frå Solstråla/JU sine vedtekter: "Koret vil spreia songglede. Det vil ivareta songtradisjon og samstundes tenkje nytt. Koret har òg som formål å ivareta og fornye kyrkjesongen, og gjere born kjende med kyrkjesong og liturgi."	Solstråla (delast inn i ulike aldersgrupper etter behov)	Dersom 1 gruppe: ca.35 øvingar à 1t Dersom i SFO-tid. Gjerne fast tid for fellesøving, dersom fleire grupper.	Kantor/ evt. andre.	Kantor/ evt.andre
8 år +*	Sjå mål Solstråla/JU. I tillegg: Gje gutane ein eigen songarena og identitet. Opptre som eige kor t.d. på Lysvaken-gudstenesta	Jondal Gutekor	Prosjektkor t.d. 2-10t	Kantor /evt.andre Kyrkja/kulturskulen	Kantor/ evt. andre
9 år	Gje borna si eiga salmebok	Salmebokgåve	på Ljosmessa	SR/ kantor	SR
13år+	Verte kjend med kyrkjesong og liturgi. Vere med som kor på Ljosmessa, samtalegudstenesta og konfirmasjonen. Ellesjå mål for Solstråla/JU ovanfor.	Jondal Ungdomskor= evt. JU (fast gr.)+ Konfirmantkor	24t H/V Prosjektdagar+ øvingsøktar à 1/2 – 2t + evt. fast tid for JUgruppe	Kantor / prest/ andre Kyrkja	Kantor/ prest
14år +	Frå korvedtektene: "Koret vil spreie songglede og ivareta songtradisjon. Det har som si fremste oppgåve å fremje kyrkjemusikalske verdiar."	Jondal Grendakor	ca.35 øvingar à 2t + evt.ekstraøvingar & arrangement	Kantor Kyrkja	Kantor
Alle	Forsongarar på gudstenester, salme- og liturgikveldar	Forsongarteneste	1t før teneste eller etter behov	Kantor/ evt. andre. Kyrkja	KMU/ kantor

4- SAMARBEID HEIM/ BARNEHAGE/ SKULE/ KULTURSKULE/ MUSIKKLIVET ELLES/ KYRKJA

Alder	Mål	Tiltak	Tid/omfang	Ressursar	Ansvarleg
Alle	Feire gudsteneste med skule og barnehage, ivareta kristen kulturarv, liturgi- og salmetradisjon	Gudsteneste(skule/ barnehage)	Før jul (førjulsgudsteneste) eller anna høgtid	Prest, kantor, barnehage, skule. Kyrkja.	SR/ skule/ barnehage
4-5 år	Levandegjere evangeliet ved at alle får vere aktivt med i juleforteljinga	Krybbevandring	1t	Prest, kantor, barnehagepersonell, borna, evt. andre	Prest/ barnehage
2.kl.	Introdusere kyrkjeorglet som musikkinstrument og som aktuelt instrument for borna.	Kyrkjeorgeltime	1-2t	Kantor. Stad: Kyrkja.	Kantor/skule
4.kl.	Gjere borna kjende med salmebok og salmar.	Salmetimar	1-2t	Kantor. Stad: Kyrkja.	Kantor/skule
1-10 kl	Gje born og unge eit felles salmerepertoar m.a.knytt til høgtidene	Evt. salmetime	1-4t	Kantor/prest/skule.	Kantor/skule/ evt. andre
7.kl.	Formidle kunnskap om og kjennskap til kyrkjemusikk. Kyrkjemusikkhistorie og kyrkjemusikk i praksis	Kyrkjemusikktime	2t	Kantor/ skule. Stad: Kyrkja	Kantor/skule
9.kl.	Formidle kunnskap om og kjennskap til kyrkjemusikk. Kyrkjemusikkhistorie og kyrkjemusikk i praksis	Kyrkjemusikktime	2t	Kantor/ skule. Stad: Kyrkja	Kantor/skule
Alle	Rekruttere nye kyrkjemusikarar, lære opp vikarar, auke interessa for orgel og orgelmusikk	Orgelundervising	Undervising i samarbeid med kulturskulen/ evt. orgelkonfirmant mv	Kantor/evt. andre lærarkrefter	Kantor/kulturskule
Alle	Deltaking i gudstenester eller andre kyrkjelege arrangement med vokal, soloinstrument, band, orkester	Musikarteneste	Etter avtale	Kulturskuleelevar, korpsmusikarar, amatørmusikarar, proffe musikarar	Kantor/ SR/ FR

5- INSTITUSJON

Alder	Mål	Tiltak	Tid/omfang	Ressursar	Ansvarleg
	Ivareta salmesong og minne	Salmestunder	1-4 gongar pr.år	Kantor/kor/ kulturskule/ evt. andre	SR, kantor og andre
	Dele song- og musikkglede. Skape gode relasjonar mellom generasjonane.	Songstunder/ minikonsertar	2-6 gongar pr.år	Kantor/kor/ kulturskule/ evt. andre	SR, kantor og andre

6- KONSERTAR

Alder	Mål	Tiltak	Tid/omfang	Ressursar	Ansvarleg
Alle	Ære Gud og styrke kyrkjelyden ved ulike musikk- og kunstuttrykk. Levandegjere og ta vare på heile breidda av kyrkjemusikk. Byggje nettverk og gje rom for kulturelt mangfald.	Pasjonskveld Adventskonsert Orgelresitasjonar/ lunsjkonsertar/ kveldsskonsertar Lokale konsertar Eksterne konsertar	Langfredag 3.søndag i advent Sommar Ikkje tid/talfesta Ikkje tid/talfesta	Kantor, kor, musikarar Kantor og/el. andre SR, kantor og/eller kora deltek, er arrangør/medarr. Arrangør leiger krk.	KMU, kantor, SR
Alle	Levande salmesong i kyrkje og heim. Felles salmepertoar for kyrkjelyden.	Salmekveldar	1-12 arr. pr.år à 1t	KMU GU, kantor, kor, evt. andre Kyrkje/bedehus mv	KMU, kantor, SR

7- INSTRUMENT OG BEMANNING

Alder	Mål	Tiltak	Tid/omfang	Ressursar	Ansvarleg
	Sikre høg fagleg kompetanse i det kyrkjemusikalske arbeidet	Jondal sokn skal ha tilsett kyrkjemusikar med kantor-utdanning,	Plan for kyrkjemusikk i Den norske kyrkja føreset at det i alle kyrkjelydar er tilsett kantor/organist for å ta hand om det kyrkjemusikalske livet i kyrkjelyden.	60% stilling + 15% stilling (pr.28/5-24 ubesett sidan V2020)	SR/ FR
	Kyrkjelyden skal ha tenlege og funksjonelle instrument av høg kvalitet.	Hovudorgel Piano Evt, andre instrument	Vedlikehald/stemming etter behov	Mekanisk pipeorgel frå Bruno Christensen & sønner 1988 Piano- Grotrian Steinweg- ca.1980 Evt. andre instrument	SR/ kantor/ FR
*	Tilbod utover det kantortenesta har rom for.	Plan og rekruttering til løna- eller frivjug teneste	Prosjekt- eller fast engasjement		SR/ FR
*	Økonomisk rom for å leige inn profesjonelle musikarar til gudstenester og konsertar	Budsjettarbeid. Søknadsarbeid.	Gudsteneste Konsert Salmekveldar mv		SR/ FR